

Statsforvaltaren i Rogaland

Postboks 59

4001 STAVANGER

Dato: **30.04.2025**Saksnr.: **2024/96176**Dok.nr.: **7**

Saksbehandlarar:

Ane Alvestad, Leif

Håvard L. Vikshåland,

Bjørn Ramberg,

Ingvar Kristiansen,

Angunn Skeiseid

Fagnotat kulturminne - verneplanprosesser - vern av verdifull natur i Rogaland**Bakgrunn for saka**

Statsforvaltaren i Rogaland arbeider med verneplanprosess for fire ulike område i Rogaland – nærare bestemt i Haugesund, Karmøy og Stavanger kommunar.

Verneplanprosessen ligg til verneordninga «bevaring av verdifull natur», og områdevernet blir heimla i naturmangfaldlova etter vedtak ved Kongelege res. i statsråd.

Eit viktig ledd i oppdraget er å samanfatte kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for tilrådinga av verneplan, dvs. forskrift og avgrensing. Kulturminne vil her vere ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget og særskilt i høve vern som landskapsvernområde. I eit landskapsvernområde vil kulturminne vere ein eksplisitt del av verneføremålet, og kulturlandskap er samansett av kulturminne– og naturverdiar.

I samband med dette arbeidet har Statsforvaltaren i Rogaland bede kulturmiljøstyresmaktene i Rogaland fylkeskommune om å utarbeide fagnotat for kulturminne i dei ulike områda.

Dei fire aktuelle områda i Rogaland er:

- *Klostervågen, Stavanger kommune*
- *Karmøy vestkyst, Karmøy kommune*
- *Avaldsnes/Forøy, Karmøy kommune*
- *Årabrot, Haugesund kommune*

Begrepsavklaringar:

Automatisk freda kulturminne/-miljø er freda i medhald av kulturminnelovens §4. Frå tida før reformasjonsåret 1536.

Nyare tids kulturminne: etter-reformatoriske kulturminne og opp til vår tid. Ulike vernestatusar.

Skipsfunn er verna i medhald av kulturminnelovens §14. Dei har eit byggår som ligg meir enn 100 år tilbake i tid.

Klostervågen, Stavanger kommune

Plassering

Deler av området ligg i det freda kulturmiljøet K13 Utstein kulturmiljø, og deler av området ligg innanfor KULA området Rennesøy og Mosterøy. Klostervågen ligg mellom Klosterøy i nord og Fjøløy i sør.

Skildring av kulturmiljøet

Forskriftsfredinga for Utstein Kulturmiljø med dei reglane og begrensingane som gjeld for området finst i lovdata¹. Forskrifta gjeld for ein sone på maksimalt 220 meter ut i sjø.

Utstein kulturmiljø på Mosterøy gjenspeglar den spesielle historia om Utstein som maktsenter. Den strategiske plasseringa av garden Utstein må ha vore viktig for plasseringa av kongsgarden og klosteret. Utstein ligg sentralt til i skipsleia mellom Stavanger og Karmsund. Dette ga kontroll over leia og innseglinga til Ryfylkefjordane. Heilt opp til 1800-talet var Klostervågen seglbart.

På Utstein skal Harald Hårfagre ha hatt kongsgarden sin etter slaget i Hafrsfjord i år 872. Klosteret her vart bygd frå 1260-åra, men det er mogleg at nokre bygningsdelar er eldre og skriv seg frå det tidlegare kongsgardsanlegget. Etter 1264 vart klosteret og området rundt gjeve til Augustinarordenen. Klosteret vart vigd til St. Laurentius i 1265.

Her fins ei rad ulike kulturminne – fleire gravfelt, einskilde gravminne, dyrkingsspor og mange lausfunne. Ein antar at det har vore ein marknadsplass i området aust for klosteret.

Utstein er landets einaste bevarte klosteranlegg frå mellomalderen, med både kyrkja og nedre etasje av aust- og sørfløyen ståande og i bruk. Klosteret ligg dominerande til, eit ope landskap og med vid sikt. Klosteret hadde betydelege jordeigedommar og kunne brødfø omtrent 250 menneske årleg.

Det er med ande ord eit svært betydningsfullt område kulturmiljømessig sett, og dette kan mellom anna tilskrivast dei gode hamneforholda i Klostervågen.

Kulturminne i sjø

I sjøområdet er det registrert eit verna skipsfunn, id 90243. Id 90243 ligg i det som er den antatte utskipingshamna til Utstein då Klostervågen utover i mellomalderen blei for grunn for større skip. Det er kjent ballastfunn og lausfunn på botnen her, men funna er ikkje kartfesta, og den verna hamna er ikkje avgrensa. Vidare ligg det sør og vest for 90243 fleire maritime strukturar (brygger og røyser)

For det resterande sjøarealet er det ikkje kjent verna eller freda funn.

¹ [Forskrift om freding av Utstein kulturmiljø, Rennesøy kommune, Rogaland - Del 3. Forvaltningsstyresmakt, ikraftsetting o.a. - Lovdata](#)

I løpet av 2025 vil det gjennomførast arkeologiske undersøkingar, og innan 1.12.2025 vil det ligge føre ein oppdatert uttale som omtalar kulturmiljøverdiar i sjø.

Landskapskarakter

Landskapet er prega av store, slakt hellande ekrer og beskytta av knause høgder ut mot den verharde Boknafjorden. Kulturlandskapet i fredingsområdet er resultatet av menneskeleg aktivitet over fleire hundre år.

Karmøy vestkyst, Karmøy kommune

Plassering

Området ligg på vestsida av Karmøy – frå Åkrasanden i nord til Syreneset fort i sør.

Skildring av kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne

Det ligg fleire automatisk freda kulturminne og kulturmiljø i området.

Ein kulturminnetype som går igjen på ulike delar av strekket er naustanlegg og båtstøer, som **Naustanlegget på Hop** – tre båtstøer som gav rom for inntil 30 meter lange båtar og består av både båtstø og båttopptrekk. For 1400 år sidan, då naustet var i bruk, sto havet 2 meter høgare enn i dag. Ein finn også båtstøanlegg på Hemnes og på Stong har ein tre naust.

Ein annan vanleg førekommande kulturminnetype i området er gravminne. Det flottaste er å finne på garden Stava - **Skjoldmøyane** - som er eit heilt gravfelt. Feltet består av fleire steinringar med bautastein i midten, tre trekanta stjerneforma røyser, ein større gravhaug med eit plyndra gravkammer og to mindre gravhaugar. Det er antydning til skipshaugar og til ei nausttuft. Tilsaman er det 12 bautasteinar på feltet.

Dette er også eit landskap der ein typisk kan finne bevarte steinalderbuplasser og aktivitetsområde.

Nyare tids kulturminne – landskap som er forma av båten, fisken og sauene

Kulturlandskapet langs vestsida av Karmøy er prega av gamle steingardar som skil kulturbeita. I området sør for Hålandssanden er steingardane eit særleg framståande og karakterskapande element i landskapet. Ettersom steingardane er ein så viktig del av landskapet i området sør for Hålandssanden, bør naturvernområdetets avgrensing justerast slik at ein større del av steingardane blir ein del av det. Dette vil berre krevja små justeringar.

Langs kysten finn me eit variert og opprive landskap med bergknauser, vikar, strender og hamner. Det er eit utsett strekk som gir avgrensa vern mot havet og naturkreftene. Trass i dette er nausttufter, båtstøer og båttopptrekk ein utbreidd kulturminnetype som vitnar om kor viktig bruken og tilgangen til havet har vore for folk gjennom historia. Båtstøer er ofte vanskelege å datere, og dei kan vere kulturminne som representerer ein brukstradisjon som går langt tilbake i tid.

Dei mest framståande stadene med båtstøer, båtopptrekk og nausttuffer finn me eksempelvis i små viker som Kjelavågen, Røyrvika, Haga i Breivik, innanfor Mjølhusholmene, Hebnes i Hemnesvika. Båtstøer finst også på einskilte sandstrender, der Nessjøen endå representerer det tydelegaste og flottaste dømet. Flyfoto frå i dag og tilbake til 1964 viser at fleire av desse stadene er i flittig bruk av mindre båtar, der dei anten ligg fortøydd eller er dregne opp på land.

Dei rike ressursane havet kunne gi fiskarbonden var også eit sentralt utgangspunkt for samfunnsutviklinga i nyare tid. Større statlege hamneutbyggingar frå slutten av 1800-talet la grunnlaget for dei historiske fiskerihamnene Ferkingstad og Sandve. Desse hamnene føyer seg inn i den moderne utviklinga av samfunnet langs vestkysten av Karmøy.

Krigsminne

Det finst fleire krigsminne i området, men her har me generelt for lite kunnskapsgrunnlag. Eitt av dei mest markante krigsminna er Syreneset fort, som er eit av dei best bevarte tyske installasjonane frå den 2. verdskrigen i Karmøy. Mannskapsbunkerane av typen R 655 er dei einaste i sitt slag i heile Norge. Kystfortet er godt bevart, har høg kunnskaps- og formidlingsverdi og ligg i eit elles urørt kystlandskap. Området har i dag mange besøkande. Kulturmiljøet har samla høg kunnskaps- og formidlingsverdi. At Syrenes fort er eit populært besøksmål og turområde blir vurdert som positivt frå eit kulturvernsperspektiv. Det er derfor viktig at eksisterande vegar og stiar kan haldast oppe og haldast ved like for dette formålet, men at ein kan vere restriktive med tanke på nyetablering/nye tiltak. Kulturmiljøet bør sikrast med verneomsyn i kommunedelplan for kulturminne og/eller i kommuneplan.

Verdi, sårbarheit og forvaltning i området generelt

Kulturmiljøa i landskapet vitnar om utviklinga av eit samfunn der jordbruk, fiske og bruk av havet har vore særleg viktig. Dei mange synlege kulturminna og arkeologiske spora teiknar eit bilete av eit organisert samfunn med stor tidsdjupne med tanke på sjøbruk og jordbruk. Kulturmiljøa i landskapet har stor kunnskaps- og opplevingsverdi. Kulturminnetypene og kulturmiljøet bør sikrast med verneomsyn i kommunedelplan for kulturminne og/eller i kommuneplan.

For at desse kulturminna framleis skal kunna bevarast og brukast, er det viktig at dei blir skjøtta og haldne ved like. Utan dette er dei tradisjonelle båtstøene, båtopptrekka og steingardane svært sårbare. Ved søknad om gjenoppbygging av tradisjonelle naust på eldre nausttuffer bør tilrådingar frå regional kulturvernsstyresmakt bli særleg vektlagde.

Kulturminne i sjø

Det er kjent ei rekke forlis i historisk tid vest av Karmøy. Desse har ei usikker avgrensing, vidare vil også skiftande sand kunne tildekke og skjule vrak og vrakgods. Følgande skipsfunn finst nær, eller i, det føreslegne området:

Det er kun kjend eit kartfesta skipsfunn i, eller nær, landskapsvernområdet. Dette har ei usikker kartfesting, og det fins truleg vrakgods i eit større område rundt Skiftesvikholmane. Sett med maritimt perspektiv er dette eit landskap med kompleks og mangefasettert relasjon til sjøen. Det er ei rekke små og store synlege einskildminne etter dette som gjer at det er vanskeleg å sette ei god avgrensing for einskilde kulturmiljø.

Sukkerdalen på Vikra skal ha fått namn då ei sukkerlast dreiv i land her. Lasta stamma frå eit tysk skip som forliste på Vikrastranden omkring 1720. Det er ikkje kjend fysiske spor i sjøen.

Området har eit potensiale for funn av hittil ukjende skipsfunn i sjø, men kysten her er vêrhard og ein kan forvente at materialet er spreidd og fragmentert.

Landskapskarakter

Området består av strender, sjølinje, knausete landskap, og ei rad steingardar som går i ei aust-vest retning frå gardane og ned til sjøen. Under utskiftinga på 1800-talet var det viktig at kvar gard/bruk fekk sjølinje og dette kan vi sjå igjen i alle steingardane som går ned til sjøen. I beskytta viker og bukter kor landing av båt er mogleg har det blitt rydda plass til å dra opp båtar, på stadar med meir brukskontinuitet har det vorte opparbeida båtstøer og naustmiljø. Dette vitnar om fiskarbonden sitt landskap og at havet også var ei viktig inkomstkjelde utanom det som landbruket gav.

Dette er eit landskap som er prega av både natur og kultur. Her finn ein snorrette steingardar, men også steingardar som buktar seg rundt og tilpassar seg landskapet. Det er eit særmerkt landskap med kuperte knausar, viker og små strender spreidd innimellom, før det lenger mot aust opnar seg opp eit landskap som består av flate teigar – innmark og utmark.

Verneverdi

Den store graden av kombinasjonen mellom naturelement og kulturskapte element gir området ein høg verdi.

Avaldsnes – Forøy, Karmøy kommune

Plassering

Landskapet ligg i Karmsundet, nordaust i Karmøy kommune. På vestsida av sundet ligg det kulturhistorisk svært viktige og flotte Avaldsnesplatået, med ein strategisk plassert kongsgard.

Skildring av kulturmiljø

Automatisk freda kulturmiljø

På land er det på Forøy kjent ein eldre grunnmur i tørrmura stein. Grunnmuren har eit grunnplan på 10,5x7 meter. Det finst inga direkte datering eller gjenstandsmateriale frå tufta. Ein tildekka markhorisont i tufta kan gi indikasjonar på byggetidspunkt på 1300-talet. Bygningen er tolka som ein administrasjonsbygning for hamna. I strandkanten

like nedanfor finst det fleire fortøyningsstrukturar og brygger som ein trur kan vere samtidige.

På denne tida var det hanseatisk handel i dette området og det var sentralt både for kongemakt og hanseatar å ha kontroll i området. Dette førte då til noko konflikt mellom desse, i området.

Nyare tids kulturminne

Ellers finst det på Forøy fleire høl og små steindynger etter gruveverksemd. Dei synlege spora etter dette er truleg i hovudsak frå tidleg 1900-tal.

Kulturminne i sjø

Nord og aust for Forøy finst Rogalands største og mest komplekse samanhengande kulturmiljø under vatn. Det inneheld fleire vrak, strukturar og tjukke avsetningslag under botnen og store område med funn. Hovudtyngda av aktivitet er frå hanseatisk aktivitet på 1300-1450-talet. Men det er lag og aktivitet med tyngdepunkt kring 1000-1300 og som kan knyttast til kongsgardperioden.

Områda under vatn er forholdsvis godt kartlagt gjennom tidlegare forskingsundersøkingar. Undersøkingane har vore spesielt store og systematiske på nord- og austsida av Forøy. På vest og sørsida er det kjent spreidde funn - her har undersøkingane vore meir sporadiske. Me antar at det her kan finnast fleire uoppdaga kulturminne.


Landskapskarakter

Avaldsnes er karakterisert av den strategiske plasseringa med kontroll over skipsleia gjennom Karmsundet. Landskapet er prega av låge terrengformer, og sjølv Karmsundet er den mest markante landskapsstrukturen i området. Jordbrukslandskapet er ope med bølgerande former som er brotne opp av små knausar og våtmark.

Verneverdi

Hamna ved Avaldsnes er ei av dei best bevarte mellomalderhamnene i Norge. Heilskapen med bevart landskap, bygningar frå mellomalder, vegfar, hamnestruktur, vrak, funn og lag er unik – sett i ein nasjonal målestokk.

Kulturmiljøet på Avaldsnes står fram som særskilt også i ei internasjonal samanheng, og det er internasjonal interesse knytt til prosjekt og undersøkingar på Avaldsnes.



Figur 1: Området som nå er under kartlegging med tanke på naturvern markert med rødt. Området med sædeles høy funntetthet er indikert i figuren. Innanfor dette området ligger det minst tre vrak, eit tiltalls strukturar og store samanhengande område med funn og kulturlag. Lokalitetene i kulturminnedatabasen Askeladden er langt større. Det vil si at området som har et vern gjennom kulturminneloven er større.

Gode og oppdaterte kilder til området:

Endre Elvestad og Arnfrid Opedal: *Maritime archaeological investigations of the Hanseatic harbour at Avaldsnes*. In *AmS – Skrifter 27 : German Trade in the North Atlantic c 1400-1700. Interdisciplinary perspectives*

Dagfinn Skre (red); Avaldsnes - A Sea-Kings' Manor in First-Millennium Western Scandinavia. De Gruyter

Dagfinn Skre (red): *Rulership in 1st to 14th century Scandinavia - Royal graves and sites at Avaldsnes and beyond*

Ravnås, Hallgjerd Håbakk; Fredh, Erik Daniel 2024: [Correlation of Seismic Data and Sediment Cores From the Seabed in the Medieval Harbour at Avaldsnes, Norway.](#)

Ravnås, Hallgjerd Håbakk; Olsen, Thomas Meldahl; Weibull, Wiktor Waldemar; Reiersen, Håkon; Ditta, Massimiliano; Vivås, Arild 2023: *Marine Geophysical Survey of a Medieval Shipwreck in Shallow Waters Using an Autonomous Surface Vehicle: A Case Study from Avaldsnes, Norway.* *Journal of Maritime Archaeology.*

Olsen, Thomas Meldahl; Weibull, Wiktor Waldemar; Escalona Varela, Alejandro; Vivås, Arild: [A Novel Approach for Autonomous Densely Spaced Acquisition of Buried Objects in Intertidal Environments—Field Examples From Avaldsnes, Norway. Archaeological Prospection](#)
Reiersen og Vivås: [Avaldsnes - Maktens havn | Universitetet i Stavanger](#). I frå haug ok heiðni 2022.

Årabrot - Haugesund kommune

Plassering

Området ligg nord for Haugesund sentrum. Området ligg nord for den populære «Kyststien» i Haugesund. Den nordlegaste delen av kyststien går gjennom deler av området.

Skildring av kulturmiljø

Innanfor området som er varsla er det ingen kjende automatisk freda kulturminne eller kulturminne frå nyare tid. Det er fleire registrerte buplassar frå steinalder langs nordsida av Tornesvatnet (like aust for det varsla området), og ut frå topografien reknast det å vere svært sannsynleg at det ligg ukjente buplassar frå steinalder også innanfor det varsla området. Det er også klebersteinsbrot, både sør og nord for det varsla området, men ingen steinbrot er kjende innanfor det varsla området

Det er ingen kjende kulturminnehensyn i sjø som må vektast eller takast omsyn til i samband med verneplanarbeidet.

Området er i svært liten grad prega av nyare tids kulturminne.

Kulturhistoria for området:

Årabrot ligg til sjøen, og det er truleg dette som har gitt garden namn: Her kan sjøen stå hardt på, slik at det er vanskeleg å ro. Då kan årene brotna. I nord grensar Årabrot mot Førland og Torevarden, i aust mot Ternes og i sør mot Kvala. *Henta frå «Gard og folk i Skåre: Skåre kommune: gards- og ættesoge for Skåre Herad bind 1* [Gard og folk i Skåre : Skåre kommune : gards- og ættesoge for Skåre herad. B. 1](#)

Landskapskarakter

Årabrot er eit stort kystnært område med kysthei av nasjonal og til dels internasjonal verdi. Her finst kystlynghei, naturbeitemark, strender, strandberg, små myrdrag, edellauvskog og ferskvatn. Til saman utgjer mosaikken av kystnære, ugjødsla kulturmarksbeite og kystlynghei eit rikt natur- og kulturlandskap.

Det er et bart, kupert og bergfylt landskap.

Helsing
Marianne Enoksen
seksjonsleiar arkeologi

Angunn Skeiseid
spesialrådgjevar

Lars Riese
seksjonsleiar bygning-/fartøyvern

Kopi: Stavanger maritime museum

Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.